

TIL




Slik kjem du i kontakt med styret :

Send mail til:
spaniel.sogn-fjordane@klubb.nkk.no

Send sms eller ring leiar
Inger Handegård mobil 918 35 324

Returadresse:

NSK Sogn og Fjordane
v/ Inger Handegård
Gardavegen 17 A
6868 Gaupne



Januar 2016

Innkalling til Årsmøte i Gaupne Rådhuset søndag 21. februar kl. 12.00 Tema: Jakt og jakttrening av spaniels

Årsmøtet vert også oppstart av jaktkurs/jakttreningar i Sogn.
Formell innkalling til årsmøtet med sakliste ligg som vedlegg.

I tillegg til vanlege årsmøtesaker er dette også ei sosial og fagleg samling.
Utdeling av premiar til årets mestvinnande i avdelinga. Årsmelding og rekneskap vert lagt ut på klubben si heimeside.

Send gjerne ei melding på sms til Inger 918 35 324 dersom du kjem slik at me lettare kan planlegge maten.

Helsing Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane



Offisielle utstillinger og prøvar



17. april: **NKK-utstilling** i Bergen. Dagen før spanielklubbutstilling i Bergen.
1. mai: Me startar opp med **bevegeleg blodsporprøve**. Til 30. september.
- 7-8. mai: **NKK-utstilling i Ålesund** og regionmesterskap i lydighet og agility.
9. juni: **Ordinær blodsporprøve i Luster**. Kveldsprøve med få plassar..
12. juni: **Ordinær blodsporprøve** på Nordfjordeid
25. juni: **Ordinær blodsporprøve** i Årdal
1. juli: Me startar opp med **bevegeleg fersksporprøve**. Til 30.sept.
4. sept: **Ordinær jaktanleggsprøve (JAL) og apportprøve** i Luster
Dommar JAL = Monica G. Holte Apport = I Handegård
- 17-18 sept. **Dobbelt rallystevne** i Årdal Dommar Lajla Lyseggen
- 8-9.okt: **Einaste utstilling i fylket**. Utstillinga går i Naustdal.
Dommar Frank Christiansen. Same stad er det også lydighet.

Oppstart av jaktkurs på årsmøtet



Fagleg tema på årsmøtet i år vert jakt med spaniel. I tillegg til å vera fagtema som alle kan vera med på, vert dette også starten på jaktkurs/jakttrening i Sogn. Det er fleire her som har vist interesse for å starta trening av spaniel med det mål å bruke hunden på jakt, starte på jaktanleggsprøve, bruke hunden på ettersøk og delta på blodsporkonkurransar. I tillegg er det fleire som trenar hunden sin mot det mål å starte på bruksprøve (NBF) og å trene mot å få godkjent redningshund.

Alt dette heng for ein stor del saman og ein er avheng av hjelp av andre for å trene på mange av momenta. Dette "kurset" vert ei rekke av samlingar som vil foregå på kveldstid og noko i helg. Det vert søkt studieforbundet om støtte. Ansvarleg for kurset vert Inger Handegård som er NKK-trinn 2 instruktør jakt. Møter du på årsmøtet får du meir informasjon om kurset.

Møter, samlingar og kurs



Kurs og treningssamling(ar) i rallylydighet

Meld di interesse til Inger på mobil 918 35 324! Dato for kurset er ikkje sett enno men kurset vil gå i Luster i samarbeid med Luster hundeklubb. Dersom det vert høve til å ha kurset innandørs vert kurset truleg før påske.

I tillegg vert det treningssamlingar som er gratis for medlemmene. Dei mest spontane samlingane vert annonsert på facebookside vår. Meir planlagde samlingar vert også annonsert på heimesida. Send sms til Inger dersom du ynskjer melding om når det er slike treningar.

Jaktkurs i Florø-området

Me har ikkje gitt opp håpet for å få til eit jaktkurs i Florø. Dette vert eit kurs for deg som vil bruke hunden til småviltjakt, starte på jaktanleggsprøve eller apportprøve. Meir informasjon vert lagt ut på heimesida når me har helg/instruktør på plass. Meld di interesse til Per Ståle på mobil 90 89 67 24

Spanielsamlingar med variert innhald

Me var svært nøgd med dei samlingane me hadde i fjor og året før. Me prøver difor å få til meir slik aktivitet i avdelinga vår også i 2016. For å lukkast med dette er me avhengig av di hjelp. Dersom du ynskjer meir spanielaktivitet i området der du bur og kan hjelpe til med ein stad å vera ute eller inne, må du melde gi melding om dette til styret. Det kan vera alt frå ein stad der me kan ha eit medlemsmøte, pelstellkurs, trening innandørs i vinterhalvåret eller ute i sommarhalvåret. Det må være tre medlemmer som vil vera med i det aktuelle området. Du får medlemsliste hjå styret.

Pelstellkurs i Gaupne

Går kontinuerlig. Kostar kr. 300.– pr. time. Ta kontakt med Inger på mobil 918 35 324 . Dersom fleire medlemmer i eit distrikt går saman og ordnar med stad, kan det også haldast kurs også haldast andre stader i fylket.